



FORLATNE: Disse nyfødde tvillingane i Gidole er forlatne av ei psykotisk mor. – Vi må finne ei løysing, seier Bernt Lindtjørn.



HØGFJELLS-SJUKEHUS: Det er farleg å bli sjuk i dei sør-etioopiske fjella. Legemangel og lange avstandar gjer at mange døyr av sjukdommar som kunne vore enkle å kurere.

Kvinnenes mann i sør

Bernt Lindtjørn jobbar for å redde livet til fødande kvinner i Sør-Etiopia. Nøkkelen er å lære ikkje-legar å operere.

■ TEKST OG FOTO: HILDE KVALVAAG

6. januar 2010 Arba Minch, Sør-Etiopia: Det er etiopisk jul på sjukehuset i Arba Minch. Rom etter rom er nesten tomt. Men det er nokon som ikkje kan reise. På avdeling for kvinnesjukdommar ligg kvinner på magen i sengene og ser på oss. I dette store lyse rommet luktar det sterkt av urin. Ei kvinne med eit fortvila ansikt har reist seg frå senga. Ho har bak seg ein mislukka operasjon og beina hennar er opphovna som komplikasjon av urinlekkasje.

– Vi sender henne til Addis Abeba. Det skal ordne seg, seier Bernt Lindtjørn.

Problemløysing

Nokre dagar før var eg i ferd med å få eit delikat problem. Trøyt etter ei lang reise stod eg på parkeringsplassen på Paradise Lodge der eg skulle bu under opphaldet i Arba Minch. Sjøføren som hadde køyrd dei førtifem mila ned frå Addis Abeba ville ha 140 dollar ekstra for bensin. Men eg hadde allereie betalt for bensin. Eg ringde Bernt Lindtjørn som på flytande amharisk løyste situasjonen. Problem nummer to oppstod like etter: Då eg skulle sjekke inn på Paradise Lodge fekk eg vite at dei ikkje hadde rom, enda det vart bestilt for lenge sidan. Før det var gått to minutt, stod Bernt Lindtjørn der. Då hadde dei rom.

Bernt Lindtjørn (60) er professor i internasjonal helse ved Universitetet i Bergen og er fødd og oppvaksen i Etiopia. Her han har arbeidd som UiB-forskar og

misjonslege for Norsk Luthersk Misjons-samband i over tretti år. No har han budd i Arba Minch i eitt og eit halvt år. Han er der på forskingsopphald. Eller meir presist: Han arbeider som lege, han forskar, han administrerer, han meklar i streikar, han snakkar med politikarar, og ikkje minst er han vaktmeister.

Ikkje-legar opererer

Det er betring av kvinners helse og liv som er Bernt Lindtjørns store interesse no. Rundt halvparten av alle mødredødsfall i verda finn stad i Etiopia, Nigeria, Kongo, India og Afganistan. I Etiopia døyr nærmare åtte prosent under fødselen. Dette er 90 gongar høgare enn i industrialiserte land og er den vanlegaste dødsårsaka blant vaksne kvinner. Mange har lang veg til sjukehus og når dei kjem dit er det ofte for seint å redde livet deira. Sør-Etiopia har også prekær mangel på legar. Dette skuldast både at det er vanskeleg å få leger til å arbeide på landsbygda og at

dei fleste etiopiske legane har reist til Vesten. I eit stort prosjekt Lindtjørn er initiativtaker til er målet å utdanne ikkje-legar til å operere. Dette såkalla helseoffiserane skal tre inn der det ikkje er legar, men dei skal også ha spesialutdanning i mødrehele. Lindtjørn jobbar med ni sjukehus og helsesenter i Sør-Vest-Etiopia for å bygge opp slik kompetanse. Mange av dei 18 helseoffiserane er allereie ferdig utdanna og i arbeid.

UiB-professoren jobbar også med å gje eit betre helsetilbod til kvinner med fødsels-skaden fistula, som gjev kronisk lekkasje frå tarm og urinveg etter fødsel. Kvinnene blir ofte avviste av ektemenn og annan familie og lever bortgøynde liv med store lidningar. På sjukehuset i Arba Minch er det no ei heilt ny avdeling for kvinnesjukdommar, bygd for ei privat gäve til Norsk Luthersk misjonssamband, men drifta av sjukehuset sjølv. Eit anna utfordring for å sikre god mødrehele er å finne dei sjuke og utsette kvinnene. Sjukehus og helsesentra skal ▶



FAKTA

Etiopia har aldri vore kolonisert og er kjend som ei vogge for kristendommen. Landet var okkupert av Italia frå 1936 til 1941. Fram til 1976 styrte keisar Haile Selassie, og deretter overtok Mengistius kommunistregime, som vart styrta ved militærkupp i 1991. Maktthavarane fekk mindre støtte frå Sovjetunionen på grunn av perestrojka og dette var medverkande til at kommunistregimet fall. Meles Zenawi har sitte ved makta sidan 1991. Landet har vel 90 millionar innbyggjarar. Dødsrata blant spedbarn var 7 prosent (2008, FN) og for småbarn 12,3 prosent (2006, FN). I 2008 var 45 prosent av den vaksne befolkninga analfabetar. To tredel av folket er kristne, og ein tredel muslimar.

► no samarbeide med helsearbeidarar i kommunane i ein ny modell. Her får kvinnelege helsearbeidarar ansvar for om lag 5 000 menneske kvar. Det skal også opprettast fødselsregister, og det er helsearbeidarane som skal utdannast til å registrere fødslar og død.

Misjonens siste mann

Lindtjørn er ein av dei siste representantane i Sør-Etiopia for ein lang kultur og tradisjon. Far hans var ein av grunnleggarane av den etiopiske lutherske kyrkja, Mekane Yesus, seint på 1950-talet, og Lindtjørn og søskena hans vaks alle opp i Etiopia. Norsk Luthersk misjonssamband dreiv lengje ei rekke av sjukehusa i Sør-Etiopia, med Arba Minch-sjukehuset, som det sentrale. I 1978 kom Bernt Lindtjørn tilbake til Etiopia etter å ha flytta derifrå som 17-åring. Han hadde utdanna seg til lege og kom rett inn i borgarkrigen mellom kommunistgeriljaen og somali-støtta gerilja. Kommunistane sat ved makta og hadde kasta ut alle amerikanske misjonærar og hjelpearbeidarar. Men Lindtjørn og nokre få norske misjonslegar fekk bli. Det var to grunnar til det, trur han. Norske misjonærar tillet fagforeningar, og det var ingen andre som dreiv helsearbeid i Sør-Etiopia. Sidan den gongen har det blitt stadig færre misjonærar og misjonslegar i

[FAKTA]

Mødrehelseprosjektet er eigd av etiopiske helsemyndigheiter og støtta av Norsk Luthersk Misjonssamband og NORAD. Ein helseoffiser har fire års helseutdanning frå universitet, og eitt års tilleggstudium. Målet er å redusere mødredødsfall med to tredelar innan 2015. Modellen har tidlegare vore prøvd ut mellom anna i Mosambik. Prosjektet omfattar det meste av den gamle Gamu Gofa-regionen i sørvest Etiopia der mellom to og tre millionar menneske bur. Prosjektet har også ein forskingsdel som er eit samarbeid mellom helsestyresmaktene i Etiopia, Arba Minch Universitet Arba Minch sjukehus, Gidole sjukehus og Universitetet i Bergen.

landet. Frigjeringa frå misjonen og utanlandsk personell er noko Etiopia ønskjer. Det ønskjer også dei som har vore lenge i landet, som Lindtjørn. Men enno er han der, og han trengs.

Tropisk fjellvidde

Sola har nett komme over kanten på fjellet og regnskogen under oss gjer seg klar for ein ny dag. Bernt Lindtjørn og kona Magnhild hentar meg i firehjulstrekkaren. Vi skal til fjellbyen Gidole og vitje sjukehuset som Det Norske Misjonsselskap bygde her i 1952. Familien Lindtjørn budde i Gidole i fire år rundt 1980. Landskapet vi køyrer gjennom opp mot fjellet liknar ei tropisk Hardangervidde. På den 60 kilometer lange grusvegen møter vi nesten ingen bilar, derimot må vi stadig seinke farten for å unngå å køyre på esel, geiter og kveg. I Gidole skiftar Lindtjørn raskt til kvite legekledde med Helse Bergen-merke og småjoggar ned på sjukehuset der han skal viser oss rundt, før han «må operere litt».

På sjukehuset virvlar åtte språk rundt i lufta, pasientane kjem frå mange ulike etniske grupper. Lindtjørn snakkar med helseoffiseren, blir orientert om status for pasientane. Så er det runden for å sjå korleis det står til. *Salam, salam*, alle blir sett. Eg går etter, kjenner lukta av kroppar med feber, ser ei lita jente i ei seng. Ho har bandasje rundt hovudet. Lindtjørn bøyer seg over henne, undersøker, løfter av bandasjen, viser to djupe kutt som strekker seg over heile hovudet. Ein nabo prøvde å drepe henne med machete, to andre barn vart drepne. Men det skal gå bra med henne, seier Lindtjørn på sitt nøkterne vis. I neste seng ligg det ein mann som dei mistenker har lepra. På eit anna rom eit nyfødd tvillingpar som ei psykotisk mor har reist i frå.

– Vi må finne ei løysing for desse, seier Lindtjørn til pleiarane. Han undersøker babyane og konstaterer at dei verkar sunne og friske.

På ei seng ute i friluft ligg ei kvinne med stivkrampe og ventar på behandling. Rundt henne ventar ein flokk med folk som har vore med å bere henne frå landsbyen. Å kjøre den eine ambulansen som finst set folk i gjeld. Farvel Gidole. Barna spring etter bilen når vi drar.

Gode resultat

På vegen ned frå fjellet besøker vi jordhytter der folk ligg på geiteskinn rett på bakken. Mange kvinner er på veg heim med veldige vedbører. Mennene driv esel. Ei undersøking viste nyleg at femti prosent av kvinner i Etiopia er utsett for vald. Vald mellom menn er også vanleg i eit samfunn med utbreidd alkoholmisbruk.

Lindtjørn har samanlikna operasjonar gjort av legar og helseoffiserar. I Sør-Etiopia er det no helseoffiserane som gjer det meste av akutte operasjonar på fødande



BARN I KEMBA: Bernt Lindtjørn vil utdanne ein helseoffiser med spesialisering i barnesjukdommar. No finst det ingen med slik kompetanse i fjella i Sør-Etiopia.



FARLEG MODERSKAP: Denne kvinna i Kemba ventar på behandling for barnet sitt på sjukehuset. I Etiopia dør nærare åtte prosent av mødrene under fødselen.

kvinner. Ein førebels rapport viser at resultatene er gode og dødsrata mindre enn ein prosent. Dødsfalla var flest i Saula, som er eit avsidesliggende område 390 kilometer frå Arba Minch, med heilt nytt sjukehus, Lindtjørn trur at årsaka både er at pasientane her var seine med å komme til sjukehus, og at personalet har kortast røynsle. Ein del av mødrehelseprogrammet er forskning for å måle effekten av tiltaka. Ifølgje Lindtjørn er målet å identifisere risikofaktorar for død hjå mødrer og spedbarn for slik å kunne redusere talet på døde.

Hungersnaud

Klokka er sju om morgonen, og himmelen er tung av skyer. Vi skal køyre hundre kilometer på grusveg, opp til nesten 3 000 meters høgd. I dette området, med sjeldan vakkert fjell-landskap, bur det fleire hundre

tusen menneske. Her jobba Lindtjørn som lege under hungersnauden i 1984. Han delte ut mat i heile Sør-Etiopia og skreiv doktorgrad om helsefølgjene av hungersnaud. Ein million etioparar døyddde og kvar femte vart råka under denne sultkatastrofa. Framleis er nokre millionar etiopiarar avhengige av matvarehjelp, og rundt omkring i fjella ligg det depot.

På vegen stoppar vi og et frukost i ein grimete, liten by. Det er kaldt. Lindtjørn sørgjer for at medarbeidarane får i seg frukost. At det blir tid til ein prat.

– Det er eit viktig element i etiopisk kultur, at ein må snakke med alle. Dei er mistenksomme, og om du ikkje pratar blir det sett på som suspekt. Ein må heller ikkje vente seg for store framskritt for raskt. Vi ser på korleis det var i fjor, og så slår vi fast at det er betre i år. Dei siste ti åra har det

vore ei fantastisk utvikling her. Det er ei glede å sjå at dei kvite si makt er redusert og etiopiarane er blitt flinke til å stå på egne bein.

Det er ingen kvite her oppe på fjellet lenger, men spora etter amerikansk misjon ser ein fleire stader i Kemba. Det er dei som har bygd det vesle sjukehuset her som no er overfylt med menneske som ventar på behandling. Helseoffiseren her er ein overarbeidd ung mann. No har han nett tatt keisarsnitt på ei kvinne – barnet døyddde men mora lever. Lindtjørn er bekymra for at helseoffiseren jobbar for hardt, men det skal komme ein ny helseoffiser så snart råd er. I tillegg ønskjer Bernt Lindtjørn å utdanne ein spesialist i barnesjukdommar. Borgarmestaren har komme til sjukehuset for å møte Lindtjørn, han har noko han vil fortelje. Dei har sett seg ut ein tomt til nytt ►

- ▶ sjukehus og har midlar til å sette i gong. – Dei har visjonar, seier Lindtjørn. Og eg trur at dei kan få det til.

Alt går gale, men vi prøver igjen

Mobilen til Lindtjørn ringer ofte, eshi, eshi, eshi, seier Lindtjørn. OK, OK, OK. Alltid tomodig. Alt som kan gå gale, går gale, slik er det berre. Straumen har gått i Arba Minch, og teknikaren som kunne ha reparert det er med oss i bilen til Kemba, legane vil streike, og ein av dei nye helseoffiserane er i trøbbel.

Det er noko av lærdommen her, at vi ikkje må late systemet kvile for mykje på ein person, det bør vere minst to helseoffiserar på kvart sjukehus og helsesenter, seier Lindtjørn. Telefonen ringer igjen. No er det ei god nyheit. Dei vil lage fødselsregister også i ein annan kommune. Ein kvit bygning på ein ås viser seg å vere ein high school for jenter, som Lindtjørn har fått bygd med misjonens midlar.

– Det er veldig viktig at jentene får utdanning, elles får vi inga utvikling, seier han, medan vi køyrer forbi ein mann kledd i



UTENDØRSPASIENT: Bernt Lindtjørn og helseoffiser Sebasel Mesfin (til venstre) diskuterer behandling av ein pasient på sjukehuset i Kemba.

leopardskinn på eit fargerikt pynta esel.

Lindtjørn brenn for Etiopia og ulandsmedisin. Han har også forska mykje på tuberkulose og hiv og han driv eit prosjekt som utviklar modellar for varslings av malaria. Kunnskapen han har opparbeidd seg prøver han å overføre til styresmaktene, og han jobbar med politikarar både på lokalt og nasjonalt nivå.

– Det vi gjer er å lage modellar, og ingenting gler meg meir enn når modellane

byrjar å fungere utan vår hjelp, når styresmaktene byrjar å interessere seg, seier Lindtjørn.

På verandaen på Paradise Lodge sit unge etiopiarar og ser sola gå ned over fjellet «God's Bridge». Nattelydane frå regnskogen blandar seg med den etiopiske musikken, og dei unge har det ikkje travelt. Dei tilhøyrer eit land i raskt vekst og med ei historie for å stå på egne bein. Framtida kan berre bli betre. ■

NATURSKJØNT: Byen Arba Minch ligg med utsikt over Lake Abaya (som er raud) og Lake Chano (som er blå). Dei to innsjøane er delt av fjellet «God's Bridge».



Kvinnekamp i startgropa

– Mange etiopiske kvinner har veldig dårlege levekår, seier postdoktor i kvinnehelse ved Addis Abeba universitet, Mitike Molla Sisay.

Doktorgradsarbeidet hennar frå Universitetet i Bergen, viser at seksuell åtferd hjå etiopiske menn gjer at kvinnene er svært utsette for seksuelt overførte sjukdommar. Kvinnene er jomfruer til dei giftar seg, medan mennene i utstrekkt grad nyttar seg av prostituerte. I tillegg blir jenter vanlegvis gift med menn som er eldre enn dei sjølve. Det er også eit tabu mot å oppsøke lege. Kvinner skammar seg, medan mennene som ikkje har dette tabuet søker helsehjelp. Sisay skal sjå på haldningane til det å få barn hjå kvinner mellom 15 og 29 år, og samanlikne med kvinner over tretti. Talet på barnefødselar går ned i Etiopia. Sisay vil prøve å finne om dette skuldast endra haldningar til fertilitet, eller om det skuldast andre årsaker. ■



HINDRA AV FATTIGDOM: – Kvinner har styrka rettane sine i Etiopia, men det er ein lang veg å gå. For eit par år sidan fekk landet ei ny lov som gjev lik arverett til land for begge kjønn og talet på jenter som går på skule aukar. Men eitt problem er at mange er så fattige at dei ikkje får gå lenger enn til grunnskulen, seier Mitike Molla Sisay.

FAKTA

Den venta veksten i etiopisk økonomi vil i 2010 vere på 7 prosent. Framleis er landet ranka som nummer 171 på FNs Human development index. Av dei drøyt 90 millionane i Etiopia lever 80 prosent i fattigdom, gjennomsnittleg månadsløn er 1000 birr, om lag 500 kroner, men mange har langt mindre enn dette.



LANGT FRÅ LIKESTILTE: Brudepiker frå massebryllup i hagen til Ghion Hotel i Addis Abeba.

Vekst med bitter bismak

Etiopia har hatt spektakulær vekst i økonomi og utdanning. Menneskeretts-situasjonen går motsett veg.

■ TEKST OG FOTO: HILDE KVALVAAG

I følgje The Economist er Etiopia verdas femte raskast veksande økonomi. Gjennom 1970 og -80-talet fekk Etiopia lite bistand på grunn av boikott av kommunistregimet. Då regimet vart styrta i 1991 byrja verds-samfunnet å gje støtte, men ei overraskande opptrapping i Eritrea-krigen i 1998–2000 stoppa bistanden på ny. Først etter år 2000 kom bistanden for alvor i gong. Det siste tiåret har gitt sterk vekst i utdannings-sektoren, og det har også skjedd mykje positivt når det gjeld helse.

– Dei har hatt godt med pengar og godt med nedbør, som har hindra tørke. Det seier mangeårig Etiopia-forskar ved Christian Michelsens institutt, Johan Helland

Trass i den store økonomiske veksten er det inga utvikling på menneskeretts-indikatorar. Helland meiner at etiopiske organisasjonar er knebla når det gjeld politisk deltaking og menneskerettar.

I 2008 har det vore bestemt ved lov at dersom etiopiske organisasjonar skal drive med politikk skal mindre enn ti prosent av budsjettet deira vere pengestøtte frå utanlandske organisasjonar.

– I praksis er dette ein måte å sikre seg mot all kritikk, for nesten ingen etiopiske organisasjonar kan drive med så lite utanlandsk støtte, seier Helland som er sosialantropolog. Han meiner at dagens regime ofte til forveksling liknar på det gamle kommunistregimet. Den noverande ideologien har fått merkelappen «revolusjonært demokrati» sjølv om den er meir nyansert i forhold til privat næringsverksemd.

– Ideologisk er det likt, med gammal-leninistisk politikk og brutal framferd mot opposisjonen. Dette er langt i frå noko liberalt demokrati og med den nye terroristlova er opposisjonspartia redde for å bli stempla som terrororganisasjonar, fortel han.

Styresmaktene har sidan 2005 fått gjennomført tre nye lover som avgrensar fridom for etiopiarar. Mellom anna har det komme ei restriktiv presselov og ei ny antiterrorlov. Regjeringspartiet legg alt til rette for at dei ikkje skal misse makta ved valet i mai, i følgje Helland. Det etiopiske valet i 2005 vart kritisert av norske ▶



SULT OG DIKTATUR: Under Mengistus kommunistregime var Etiopia berømt for sult og blodige diktatur. Bildet av Etiopia er gradvis i ferd med å endre seg, seier Etiopia-forskar Johan Helland. (Foto: Eivind Senneset)

► samfunnsvitatar og norske styresmakter. Dette førte til reaksjonar frå etioparane si side og den diplomatiske forbindelsen fekk ein knekk. Helland har sidan 1980-talet jobba med å bygge opp studier i samfunnsvitenskap ved universitetet i Addis Abeba. Dette arbeidet er no stoppa opp på grunn av stans i norske løyvingar.

90 prosent går på skule

Sjølvsagt med avgrensingane som finst frå styresmaktene si side, kan ein likevel få gjort mykje. Johan Helland meiner at Bernt Lindtjørn har funne gode modellar, og at han gjer lurt i å jobbe med det etablerte statlege systemet.

« ETIOPISKE ORGANISASJONAR ER KNEBLA NÅR DET GJELD POLITISK DELTAKING OG MENNESKERETTAR. »

– Dei som jobbar i Etiopia veit at det ikkje er alltid er den beste modellen dei kan ta i bruk, men den nest beste, eller tredje beste. Det viktige er at modellane er handterbare innanfor dei rammene ein har, seier Helland.

Tidlegare har ein ofte komme med modellar som har vore hinsides det ein kan vente skal slå rot lokalt. Men private organisasjonar kan spele ei viktig rolle i utviklinga av alternative og betre tilpassa modellar. Eitt døme er Redd Barnas satsing på grunnskuleutdanning i landet. Talet på barn i skule har auka frå 35 prosent til over 90 prosent. I maktapparatet er det er stor tillit til utdanning og etiopiske styresmakter har adoptert modellen.

– Bernt Lindtjørns modellar kan vere eit slikt døme på vellukka modellbygging. Lindtjørn er heller ingen kvensomhelst, seier Helland.

– Alle i Sør-Etiopia veit kven han er. ■


Bekymrede forskere finner sammen

Concerned Scientists Norway er en tverrfaglig sammenslutning av forskere som er bekymret for klimautfordringene kloden står overfor. Her er alt fra advokater, sivilingeniører og leger, til økonomer og klimaforskere. Professor Gunnar Kvåle ved Senter for internasjonal helse ved Universitetet i Bergen mener flere forskere utenfor Oslo burde slutte seg til organisasjonen.

– Forskere med faglig kompetanse og kunnskap om den alvorlige situasjonen verden er kommet i, har et spesielt etisk ansvar for å hindre at

klimaendringer med uakseptable alvorlige konsekvenser får utvikle seg. Vi bør bruke vår kunnskap både til å påvirke politikere og til å formidle kunnskapen til et større publikum, sier Kvåle.

Selv om han er engasjert i både klima- og helse spørsmål, mener helseeffektene av klimaendringene kan bli alvorlige. Endringene i klimaet rammer



fattige land som har problemer med å håndtere helseproblemene de allerede har, mener Kvåle.

Concerned Scientists Norway ble stiftet i 2008, og arbeider både for å påvirke politikere og for å bedrive folkeopplysning. De arrangerer seminarer, temakvelder og diskusjonsmøter, og har medlemmer i alle de største byene i Norge. ■

Foto: iStockphoto